

Flott siger i første seriekamp.

29.04.2014



Vinnarlaget jublar fornøgd etter ein flott kamp.

I det flotte vårveret har ein og avvikla dei første kampane for dei aldersbestemte laga. I kveld spelte G-11/12-laget sin første seriekamp for året då dei møtte Rosendal på bortebane. Det vart ein god kamp, og det var skikkeleg spennande til det gjensto 10 minutt. Då sette Uskedalslaget inn eit ekstra gir og vann til slutt ein klar siger.

I det nydelege veret kosa både spelarane på dei to laga og publikum seg. Kampen var jamn og god, og ved pause var stillinga 1 - 1. Utover i andre omgang fulgte laga kvarandre tett, og det stod 3 - 3 då det var 10 minutt att av kampen. Då sette Uskedalen inn sluttspurten. Dei scora 5 mål før dommaren bles av kampen, og dermed kunne laget reise heim med ein klar 8 - 3 siger. Flott levert!

Det er Odd Steinar Arnesen som er trenar for dette laget, og vår kjelde rosar han for at han er flink å rotere på laget slik at speletida vert fordelt på alle spelarane. Dette er viktig med så unge spelarar og i tråd med Fotballforbundet sine retningslinjer.

Desse spelarane var med i denne kjekke kampen: Jonathan Taranger, Joakim Sjo Musland, Kristoffer Hauge, Jostein Soldal, Sander Simensen, Kristian Klette Hansen, Fredrik Gisholt Haugland, Sondre Klyve, Marius Hauso og Martin Hjelmeland Arnesen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Tor Edward Taranger.